

Fra: Leif Ove Mikkelsen[leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 05.11.2024 14:49:41  
Til: KK\_Formannskapet\_2023-2027;Alf Jarle Langeland;Jostein Saghaug;Maren Elise Skogseth[KK\_Formannskapet\_2023-2027@kvinnherad.kommune.no;alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no;jostein.saghau  
g@kvinnherad.kommune.no;maren.elise.skogseth@kvinnherad.kommune.no]  
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: Kommunedirektøren tingar ekstern gjennomgang av byggesak

---

## Formannskapsmedlemmer og gruppeleiarar

Med bakgrunn i spørsmål i kommunestyret 31. oktober og innspel og ytringar frå fleire hald, vil kommunedirektøren i dialog med ordføraren tinge uavhengig, ekstern vurdering i byggesak på eigedom 129/4 frå eit firma med solid byggefagleg og juridisk kompetanse.

Dette er eit ekstraordinært tiltak for å få ei uavhengig, fagleg vurdering som kommunen kan legge til grunn for vidare arbeid med saka. Kommunedirektøren vurderer at denne noko uvanlege framgangsmåten kan trygge behandlinga av ei sak som har vist seg å ha mange sider. Det er også viktig å styrke tilliten mellom politisk leiing og administrasjonen i ei sak der dette vert sett på prøve. Tiltaket vil også innebære omsyn for kommunen sine saksbehandlarar, som opplever situasjonen som krevjande.

Kommunedirektøren vil be om tilbod frå tre firma som vert rekna som kompetente for oppgåva, og som ikkje har vore involvert i saka tidlegare. Det blir gitt eit mandat som er ope nok til at det kan arbeidast fritt med alle sider av saka, og innafor nokre praktiske rammer. Ein viktig del av oppdraget vil vere å informere kommunestyret når rapport frå arbeidet er klar.

Med helsing

**Leif Ove Mikkelsen** | kommunedirektør  
Mobil: +47 48 31 92 91

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 



**Tenk miljø før du skriv ut!**

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.